



Hardanger og Voss Museum

5778 UTNE

Dato: 21.05.2014
Vår ref.: 2014/378-49
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Haldorstabbur, Agatunet, Ullensvang - Askeladden ID: 87213-28 Avslag på søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2014 kap 1429 post 73 brannsikring

Vi viser til Dykkar søknad om tilskot datert 29.11.2013.

Ordninga med tilskot frå statsbudsjettet 2014 kapittel 1429 post 71 vart handsama i Kultur- og ressursutvalet på møte den 09.04.2014, sak 49/14. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

Det er ikkje løyvd statlege midlar til brannsikring av freda bygningar i Hordaland eller andre fylkeskommunar. Jf. grunngjevinga i brev frå Riksantikvaren: «*Alle brannsikringsmidler fra denne posten kanaliseres for tiden til sikring av stavkirkene. Det gis derfor ikke tilskudd til fredete enkeltbygninger i privat eie fra denne posten.*»

Vedlagt følgjer kopi av fylkesrådmannen si tilråding og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak. Dette kan også finnast på Hordaland fylkeskommune si heimeside.

Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast til Riksantikvaren, jf. Forvaltningslova § 28, Ein eventuell klage stilast til klageinstansen, men sendes Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga innan 3 - tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren Postboks 8196 Dep.